

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 02.06.20

Vår ref: 2020/320

Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref: 20/5146 - 20/19062

Alver kommune

ALVER – KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

Viser til brev av 15.04.20 frå Alver kommune om ovannemnde sak.

Ein visar til forslag til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel der det under 4.2.6. *Næringsutvikling* blir nemnd at mellom anna fiskeri er noko større i Alver enn resten av landet. Det er difor viktig at kommunen legg tilhøva til rette for at ein kan oppretthalde slik næringsverksemd. I den samanheng ynskjer ein å presisere viktigeita av langsiktig og heilheitleg forvalting av sjøareala. Ein må unngå arealkonflikt i sjø og negativ innverknad på det marine miljø. Her må ein eksempelvis vurdere kva eit større område toler av blant anna akvakultur og anna utslepp til sjø. Dette gjeld òg på tvers av kommunegrenser. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.

Det er viktig at det blir lagt til rette for god infrastruktur på land og i sjø. Det må oppretthaldast offentlege kaiar til bruk i samband med fiskeriverksemd – både for lokale og framandfiskarar.

Fiskarlaget Vest ber om at kommunen tar omsyn til det marine miljø og tilrettelegging for fiskerinæringa i det vidare arbeidet.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebo
Dagleg leiar

Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Kopi: Nordhordland Fiskarlag, Fiskeridirektoratet region Vest, Fylkesmannen i Vestland

